

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Sunndal vidaregåande skole

Årsmelding skoleåret 2025-26

Innhaldsliste

1. Rektor har ordet 2

2.1 Organisasjonen 3

2.2 Utdanningsprogram og elevtal 4

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1 5

3. Læringsmiljø 7

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga 7

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet 8

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad 9

4. Skoleårsresultat 10

4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring 10

4.2 Karaktersnitt 12

4.3 Fråvær 13

4.4 Elevar som har slutta 14

4.5 Overgangar 15

5. Leiing og profesjonsutvikling 16

1. Rektor har ordet

Sunndal vidaregåande skole hadde 183 elevar ved skolestart hausten 2025 innafor både yrkesfaglege retningar og studieforberedende linjer. Det er ein nedgång som skulen har forventa. Ved skulestart vart det ikkje satt i gang VG3 påbygning til genrell studiekompetanse, alle andre tilbod hadde god nok søking til å starte.
Skulen kan for skoleåret 2025-26 vise tel gode gjennomføringstal sjølv om skulen har en omstilling i elevmassen. Skulen hadde så mykje som 33 elevar med vedtak om særskilt språkopplæring. Ser ein på inntakspoenga til våre elever på VG1 ser vi at skulen har gjort en formidabel innsats for at flest mogleg skal lære best mogleg og fullføre si opplæring. Ein stor takk til elevar, føresette og lærarar for den gode innsatsen.

Skulen har ein stor andel elvar med særskilt språkopplæring. Flykningsstrømmen frå Ukraina har gitt skulen tilstrøm av fleire ungdommar som beriker skulekvardagen, men krev ei anna tilrettelegging og oppfølging.


I samarbeid med lokalt næringsliv og offentlege verksemder legg vi til rette for at opplæringa for alle elevane skal opplevast med ei praksisretta tilnærming som er relevant i høve til arbeidslivet. Yrkesfagelevane gjennomfører delar av opplæringa på arbeidsplassar som er relevant for utdanninga.

Av utviklingsarbeid kan vi trekke fram skulens handtering og bruk av KI. Her ligg skulen langt fremme med gode pedagogar som finn gode løysningar på kordan både elevar og lærarar kan bruke verktøyet på en hensiktsmessig og utviklande måte. I tillegg har skulane på indre Nordmøre eit tett fagsamarbeid som sikrar eit velfungerande praksisfellesskap.

Øystein Bråthen
Rektor

2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	30
Tal på årsverk i leiarstillingar	5 (320%)
Tal på årsverk andre tilsette	1 (100%)



Figuren viser organiseringa av Sunndal vgs. Fire avdelingsledere som kvar har ansvaret for sine ansatte. Ledelsen ved skolen var 5 personer fordelt på 3,5 årsverk.

Rektor delt mellom Sunndal og Tingvoll vidaregåande skole.

Ved skolen var det 30 pedagogiske ansatte. Av disse var 70% damer og 30% menn.

2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Studiespesialisering	30	17	21	58
Teknologi og industrifag	27	24		51
Elektrofag	13	8		21
Helse og oppvekstfag	10	12		33
Bygg og anleggsteknikk	7			7
Påbygging til generell studiekompetanse				0
Total	92	68	21	189

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	33

Elevgrunnlaget er utfordrande på Nordmøre. I Sunndal er elevtalet i grunnskolen også krevjande og gir skolen nokre utfordringar i årene framover. Tilbodstrukturen ved skolen må være slik at vi har gode og robuste linjer som gir elevane gode moglegheiter, og samtidig held på det gode samarbeidet med næringslivet. Og dette samarbeidet med næringslivet gir seg også utslag i søkjarmassen til skolen vor det var teknologi og industrifag som var den store vinnaren med hele 27 elever inne på VG1. Det var også god oppfylling på dei fleste av skulens tilbod.
Studiespesialisering ble gjennom skoleåret oppfylt med elever som ønsker eit tilpassa løp. Dette er i all hovudsak elevar som tidlegare vart losa gjennom GNO-tilbodet ved skulen.

Tilbodet rundt dei minoritetsspråklege var gjennom skuleåret utfordrande, etter endra praksis i tilbodet. Likevel hadde skolen eit stort apparat for å gje dei elevane eit godt og grunnleggande tilbod i den vidaregåande opplæringa. Antall elevar med vedtak om særskilt språkopplæring viser dette.

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent


Poengsum	Sunndal vgs 2024-25	Sunndal vgs 2025-26	Fylket 2025-26
0 eller ingen	19,1%	16,9%	11,4%
0 - 25	7,9%	3,4%	2,7%
25 - 30	7,9%	6,7%	4,7%
30 - 35	20,2%	22,5%	11,1%
35 - 40	20,2%	11,2%	16,8%
40 - 45	14,6%	23,6%	22,3%
45 - 50	3,4%	10,1%	17,9%
Over 50	6,7%	5,6%	13,0%

2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Sunndal vgs	38,0	39,5	36,7	35,9	38,2
Fylket	42,2	42,5	41,3	41,1	41,3

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Karakterane frå grunnskulen viser at elevane som startar på Sunndal vgs har eit betydeleg lågare grunnskulesnitt samanlikna med fylket. Denne utviklinga ser ein også bakover i tid, sjølv om det ved inngangen til skuleåret 25-26 såg ei lita forbetring på snittet. En ser også at gutane har betydeleg lågare poengsnitt enn jentene. Det er også bekymringsverdig at så mye som 17 % av elevane som startar ved skulen ikkje har grunnskulepoeng.



Det er difor særs gledeleg at så mange av våre elevar fullfører og består si utdanning ved skulen. Tabellen over viser at mange fleire elevar fullfører enn forventninga tilseier.

Om en ser mot fullførte og bestått ser en også tendensar til at det er gutane som slit mest med å fullføre og bestå, og gutane har også lågare karakterar samanlikna med jentene.

3. Læringsmiljø

Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Elevundersøkinga viser at elevane ved skulen i stor grad trivs og er fornøgde med læringskulturen ved skulen. Dei gir også uttrykk for gode faglege utfordringar med god støtte frå lærarane. I kategoriane faglege utfordringar og støtte frå læraren er resultata til vår VG3-elevar på topp i fylket.

Undersøkinga viser også veldig gledeleg at våre elevar føler seg trygge på skulen og ikkje opplever mobbing. Dette skal ein sjølvsagt være forsiktig å uttale, for på VG1 er talet 6%. Men for skulen er det gledeleg at talet viser 0% mobbing på VG2 og VG3.

Undersøkinga viser også ei positiv utvikling innanfor vurdering for læring ved skulen.

Skulen ser også at vi bør jobbe meir systematisk med læringsmiljøet og det forebyggande arbeid slik at alle elevar føler seg inkludert.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-4 i opplæringslova	5
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 12-7 i opplæringslova	0

Resultatet av elevundersøkinga skoleåret 2025/26 viser i all hovudsak at elevane føler seg trygge og trivs på skolen. Den samla scoren for læringsmiljø viser at skulen hevder seg rundt snittet til fylket på alle trinn, men at elevane på VG1 er mest usikre.

Skolen har rutinar for varsling og oppfølging av brot på elevane sitt arbeidsmiljø og handsamar dette etter gjeldande reglar. Skulen starta skoleåret 2024-25 med VIP-makkerskap med ønske om eit meir strukturert plan før det forebyggande arbeidet. Skulen har også økt ressursen til ein sosialpedagogisk rådgivar som følgje opp skulemiljøet og enkeltsaker gjennom skoleåret 2025-26.
Dersom det blir oppdaga eit utrygt skulemiljø, eller mistanke om utrygt skulemiljø før nokon elevar har skulen eit velfungerande R-team og SIM-gruppe som raskt skal gripe fatt i arbeidet.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	4
Møter i skoleutval	3
Møter i skolemiljøutval (om skolen framleis har skolemiljøutval)	

Elevrådetsarbeidet er under oppskalering og har en positiv trend. Stort fokus på revyarbeid og en inkluderande avgangsmarkering. Skulen kjøper felles russegensera til alle avgangselevar slik at alle skal føle seg inkludert i same gruppe. Skulen hadde eit elevråd som i skuleåret tok ansvar for aktivitetsdagar, innsamlingsaksjonar og bidrog til å heve skulemiljøet.

Resultatet av elevundersøkinga skoleåret 2025-26 viser at elevane meiner det er ein god læringskultur ved skolen. Alle elevar ved skolen gjennomfører elevundersøkinga. Alle elevar evaluerer minst ein lærar ved undervisningsevalueringa. Leiarane følgjer opp med medarbeidarsamtalar knytt til resultata frå undervisningsevalueringa. Det er arbeidd i tilrettelagte økter (seksjonstimar) avdelingsvis slik at ein saman kan reflektere over pedagogisk praksis for å utvikle læringskulturen.

Skolen hadde ingen klagesaker på standpunkt førre skoleår.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2025-26, prosent	88,1%

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Bygg- og anleggsteknikk	100%			100%
Elektro og datateknologi	61,5%	83,3%		68,4%
Helse- og oppvekstfag	100%	100%		100%
Studiespesialisering	76,7%	88,2%	85,7%	82,4%
Teknologi- og industrifag	93,1%	100%		96,2%
Total	84,3%	94,8%	85,7%	88,1%


4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Sunndal vgs	87,8%	88,2%	84,7%	89,5%	88,1%
Fylket	91,5%	90,9%	90,7%	89,7%	88,0%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Skulen hadde en målsetning om at 90% av elevane skulle fullføre og bestå. Så vi er relativt godt fornøgd med resultatet. Elevar som ikkje fullfører i alle fag er direkte knytta til språkopplæring, eller manglande språkopplæring for fleire av våre elevar. Her kunne fleire fått eit tilpassa løp, men ikkje alle ønska denne løsninga.

Likevel er skulen fornøgd med fullføringa, i hvert fall når ein ser på ka som er forventa (sjå tabellen under)



Her kan ein sjå at andelen av våre elevar som vart forventa til å fullføre og bestå er 4% under skolens fullføringstal.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Bygg- og anleggsteknikk	3,71
Elektro og datateknologi	3,49
Helse- og oppvekstfag	4,50
Studiespesialisering	4,20
Teknologi- og industrifag	4,27

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Sunndal vgs	4,05	4,04	4,14	4,16	4,16
Fylket	4,24	4,21	4,21	4,19	4,21

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Skolen har et veldig stabilt karaktersnitt. Skolen har også store forskjellar i karaktersnittet på skolens yrkesfaglege retningar. Helse og oppvekstfag er det programmet som har høgst karaktersnitt, og som kan vise til 100%fullføring blant elvane.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	4,2	16,9	4,0%
Vg1	2,7	14,6	3,0%
Vg2	5,4	16,5	4,6%
Vg3	6,9	27,7	6,9%
Vg4			

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Sunndal vgs	2,1%	6,3%	10,0%	7,2%	4,0%
Fylket	2,7%	6,5%	6,9%	7,7%	6,3%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Det er veldig gledeleg at fråværet blant elvane har minka dei to siste årene. Mykje av dette kan krediterast dei nye fråværsreglane som gjer at elevane må møte meir på skulen. Men vi trur også at fokuset til skolen og lærarane er viktig for at elevane skal bli tettare fulgt opp.

Skulen har sett en markant nedgang i antall elever som er over fråværsgrensa i fag og det er av den grunn mindre antall IV i faga.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2025-26

Prosent	Tal
1,2%	2

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Sunndal vgs	3,8%	2,8%	2,9%	6,2%	1,2%
Fylket	3,1%	3,1%	3,1%	3,0%	3,1%

Svært gledeleg for skulen at så få antall elevar sluttar. Skulen gjer mykje før at elevane skal trivest på skulen, være motivert for skule og møte aktivt til undervisninga. At så få elevar sluttar i opplæringa si tar vi som et kjøle godt tegn som dei seier på Nordmøre.

4.5 Overgangar

Sunndal vgs har et sterkt og velfugerende samarbeid med nærskulen. Ungdomsskolen på Sunndal er lokalisert på nabotomta til Sunndal vgs, så alt ligger til rette for eit velfungerande samarbeid. Skulane har faste overgangsmøter for å sikre ein best mogleg overgang, spesielt for elevar med særskilte behov. Elevgruppene på ungdomsskulen besøker vgs fleire gonger i løpet av eit skuleår og vil være godt kjent med skulen før dei startar her.
Skulen gjennomfører møte med PPT ein gong i veka, og PPT er tilgjengeleg ein dag i veka for oppfølging av elevar og kan samarbeide med skulens personal.

Det lokale næringslivet er svært tett på skolen og bidrar til vår gode søking til yrkesfag. De stiller med praksisplassar, deltar i fagutviklinga på skolen, samarbeider om praksiskandidatløp for vaksne og overtar mange av våre elever innenfor yrkesfag som lærlingar. I tillegg til dette er lokale aktørar viktige diskusjonspartnerar for skolen i skolens strategi for tilbod og dimensjonering av tilbod. Som eit symbol på dette vart Hydro Sunndal kåra til årets lærebedrift.

Sunndal kommune er ein meget viktig samarbeidspartnar for skolen. Kommunen ivaretar skolens behov for yrkespraksis og er en aktiv partner for utvikling av skolen tilbod. I tillegg søker mange av våre elever videre på lærlingplass i kommunen etter to år i skole på våre yrkesfaglege retningar under helsefag. Skolen har også eit utstrekt samarbeid om norskopplæringa for busette flyktningar.

For skulen framover er det viktig å finne ein god balanse med attraktive skuletilbod, vidareutvikle det gode skulemiljøet og lage en best mogleg skule før elevane på indre Nordmøre.

5. Leiing og profesjonsutvikling

Gjennom skuleåret har KI og vurderingspraksis vært satsningsområda til skulen. Saman med Tingvoll og Surnadal vgs har skulen hatt eit felles samarbeid for å styrke fagseksjonane på tvers av lokalitetane. Skulane gjennomførte felles fagdagar i samarbeid med høgskolen i Volda. I tillegg har vi hatt stort fokus på delingskultur mellom skolane, noko våre pedagogar har gitt god tilbakemelding på.

Skolen deler rektor med Tingvoll VGS og har eit samarbeid med Surnadal VGS om en merkantilressurs. I desembertinget 2025 vart det politisk bestemt at Sunndal og Tingvoll vidaregåande skule skal slås saman til ein skule. Det skal fortsett være tilbod ved begge skulane, men dei tilsette vil være tilsette ved den nye felles skulen frå august 2027. Dette arbeidet er prosjektgruppa for den nye skulen godt i gang med. Krevjande prosess, men spennande å sjå korleis vi kan skape en best mogleg skule på Indre Nordmøre. Skulen er motivert for nytenkande praksis og være det lokale lokomotivet som dei fylkeskommunale skulane skal være.

Skolen hadde elles ein god økonomisk styring. Dette gjer ei god ro til å vidareutvikle dei faglege tilboda ved skulen. Skulen er i ein fase kor tilbodet VG1 Bygg- og anleggsteknikk og VG2 Tømrar skal fases ut, kor skoleåret 2026-27 sett sluttstrek for tilbodet.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no